

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8057 - 22/2970

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no

Dato:
12.01.2022

Lokalitet Kjeppevikholmen - Høyring og uttale - Alver kommune

Alver kommune mottok 17.9.2021 søknad om løyve til utviding av anlegg for oppdrett på lokalitet 11652 Kjeppevikholmen. Søkjer er Blom Fiskeoppdrett AS og samla søknad vart sendt over frå Vestland fylkeskommune, avdeling for Innovasjon og næringsutvikling.

Alver kommune har kunngjort søknaden (14.10.2021) og lagt den ut til offentleg ettersyn. I løpet av perioden for høyring har kommunen motteke 15 innspel og merknadar. Alle innspel og merknader stiller seg negativ til utvidinga på lokaliteten. Søkjar har hatt mogleghet å gje sin kommentar til dei innkomne innspel og merknadar som er vedlagt her.

Planstatus

Plansituasjonen i Alver kommune er slik at kommuneplanens arealdel er satt saman av dei tre arealplanane frå samanslåingkommunane Lindås, Meland og Radøy. Arbeid med eigen arealplan for Alver er starta. Dei tre delplanane er ikkje heilt like og delplan for Meland, der omsøkte lokalitet ligg, har vore under revisjon og vart etter motsegn frå Statsforvaltaren sendt departementet (KMD) for endelig avgjersele. Denne avgjersla kom hausten 2021.

I den nyleg godkjente arealplanen (Delplan Meland) er utviding av lokalitet 11562 Kjeppevikholmen stadfesta og det er også det området søknaden frå Blom Fiskeoppdrett gjeld. Som utgangspunkt er søknaden i tråd med gjeldande plan da plassering av omsøkt anlegg er innan for areal avsett til akvakultur.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Innspel og merknadar

Alver kommune har motteke 14 innspel og merknadar etter kunngjering og offentleg ettersyn. Desse kan delast i fire grupper og det er lista opp tilhøve som går igjen i innspel og merknadar:

- Innspel som i utgangspunktet ville vore ein naturleg del av prosess og vurdering knytt til utarbeidning av **kommuneplanens arealdel**
 - o Det må tas omsyn til krav om avstand mellom lokalitetar
 - o Nærrområdet er attraktivt friluftsområde
 - o Utvidelse av anlegget vil medføre at området endret karakter
 - o Støytilhøve, lys- og lydforureining
 - o Det finnes retningsliner for planlegging somm fremmer trivsel og bukvalitet
 - o Kan ein ikkje ta i bruk ny teknologi, bidra til levande bygder og tilflytting
 - o Vedta miljøkrav som hindrer kontinuerlg forureining (støy, lys, utslipp)
 - o Registrert gyteområde for torsk
- Innspel som er retta mot opplevinga av eksisterande anlegg på lokaliteten og som gjeld konkrete tilhøve nabo opplever knytt til **drifta av anlegget**
 - o Forureining på overflata og på bunnen
 - o Det var rein sjø, fisk og krabbe i fjorden
 - o Støytilhøve generelt (slaktetidspunkt, avlusing..)
 - o Lys- og lydforureining (særleg natt)
 - o Trivsel og rekreasjon, stillhet, naturoppleving, helsebot
 - o Størrelsen på anlegget vil vere ødelaggjande for det marine miljø
 - o Risiko for rømming og helserisiko for villfisk
 - o Belastningen for fastbuande og fritidsbebruarar vert for stor
- Innspel frå Fiskeridirektoratet **set vilkår for drifta** av anlegget
 - o Ved avlusing må det takast omsyn til rekefelt like ved anlegget. Legemiddel som inneholder kitinhemmarar er forbode nærmare enn 1000 meter frå rekefelt
 - o Fortøyningar må ikkje kome i konflikt med rekefeltet i nærleiken av anlegget
 - o Miljøtilstand ved anlegget må følgjast med på
 - o Dersom desse vilkåra ikkje vert tatt omsyn til, vil konflikten ha eit omfang som gjer at vi vil rá frå at søknaden vert innvilga
- Innspel som er **rett mot Alver kommune eller anna mynde**
 - o Ber kommunen eller rett mynde om å avslå søknaden
 - o Forbod å drive med forureining, stort punktutslipp
 - o B-undersøkelsen viser miljøtilstand som dårlig
 - o Støytilhøva er den verste konsekvensen i det daglege
 - o Bidreg dette til levande bygder og tilflytting, vert Alver ein plass «det skal vere attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i»
 - o Blom kan bli utfordra til å se etter andre løysningar
 - o Marknadsverdi på bustad og fritidsbustad vert redusert
 - o Trafikklyssystemet og omsyn til villaks
 - o Høg dødlighet i merdane (Veterinærinstituttet) tyder på dårlig fiskehelse
 - o For høyt utslipp av lusegifter og miljøgifter som kopar, nitrogen og fosfor

Vurdering

Denne type søknad vert handsama i henhold til §6 i Akvakulturlova.

Blom Fiskeoppdrett AS har fremja søknad innanfor eit areal som i gjeldande arealplan (Delplan Meland) er lagt ut til arealbruksføremål akvakultur, og slik sett er søknaden i tråd med plan. Det betyr at det er gjort ein planprosess med vurderingar og politiske val om kor ein gjer opning for å etabelere, utvide eller endre oppdrettsanlegg. Med slik prosess og vurdring ligg og grunnlag som seier noko om og der ein tek stilling til bruk, vilkår for bruk og moglege verknader og konsekvensar.

Rolla til Alver kommune er slikt sett å sjå til at tiltak er i samavar med vedteken arealbruk. Gjeldande plan har ikkje i seg rammer som kan gje føring for val av tekniske løysingar eller miljøtilhøve. Det er ikkje vanleg, og heller ikkje i gjeldande plan, å gje føringar for forankring.

Fiskeridirektoratet har gjeve innspel og har mynde

Fiskeridirektoratet har mynde til å gje vedtak knytt til denne type søknad meir einn kommunen og uttalen inneholder vilkår for drifta av anlegget. Dette gjeld avlusing, plassering av fortøyning og oppfølging av miljøtilstand. Dess tilhøva må takast omsyn til elles vil direktoratet rå frå at søknaden vert godkjent.

Vidare er det slik at som utgangspunkt har ikkje kommunen mynde til å leggje seg opp i til dømes driftstilhøve, utforming av anlegg og utslepp. Vedtaksmynde her ligg mellom anna hos Mattilsynet, Statsforvaltaren og Fylkeskommunen.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Hans Kristian Dolmen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Merknad Naturvernforbundet 211121
- 2 Merknad Norges Miljøvernforbund 111121
- 3 Merknad Fiskarlaget Vest 231121
- 4 Uttale Fiskeridirektoratet Kjeppevikholmen 091221
- 5 Merknad Beitingen Grendelag 071121
- 6 Merknad Beitingen hyttelag 031121
- 7 Nabo Merknad Eikeland 201121
- 8 Nabo Merknad til samanslåing av anlegg Kjeppevikholmen 011121
- 9 Nabo Merknad til sammenslåing Kjeppevikholmen og Laksevika 151121
- 10 Nabo Merknad til søknad om samanslåing av lokalitet 211121
- 11 Nabo Merknad til søknad om samanslåing av lokalitet for fiskeoppdrett 071121
- 12 Nabo Merknad til søknad om sammenslåing Kjeppevikholmen og Laksevika 211121
- 13 Nabo Merknad til søknad om samanslåing av lokalitetene til Blom Fiskeoppdrett 211021

Vedlegg:

14 Nabo Klage til søknad om samanslåing av oppdrettsanlegg klage 151121

15 Nabo Protest vedr. Kunngjøring Blom Fiskeoppdrett AS 151121

16 Kommentar Blom Innkomne innspel 040122

Kopi til:

Blom Fiskeoppdrett AS	Ulvøyvegen 130	5337	RONG
-----------------------	----------------	------	------

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------